



Maria Malmsten (til venstre) skal vikariera for Helen Petersen.

**Maria Malmsten, dirigent både for Rosendal Songkor og Røysterett for alle, har fått enda ei stor oppgåve. Ho har nyleg teke over ansvaret for Halsnøy Kloster fordi avdelingsleiar Helen Pedersen er sjukmeldt frå 50-prosent-stillinga si.**

For at tilbodet ikkje skulle leggjast ned, var det naudsynt å få tak i ein vikar. Vikarperioden varar fram til og med juni.

- Ingen er meir glad enn meg over at Maria takka ja. Oppgåvene ved Halsnøy Kloster er mange, og det ville vore tungt å sjå huset stå tomt utan nokon til å ta i mot folk, held Petersen fram i ei pressemelding.

Maria Malmsten skal også ta over ein stor del av Petersen sine oppgåver i håve Klosterdagane 2009. Dei to har tidlegare harr små oppdrag i lag ved klosteret og Petersen er viss på at både Halsnøy Kloster og dei som kjem dit vil bli teke godt vare på framover.

I tillegg til dei tre oppgåvene ho no får er Maria kunstnarleg leier for vokalensemblat mMokkat på Stord og ho tek også solojobbar som musikal, songar og opplesar.

Av Ola Matti Mathisen